



Til Representantane.

**ÅRSMØTET 2024**

I

**HARDANGERRÅDET IKS**

**Dato: Torsdag 21.03.2024**

**Stad: Heradsstyresalen i Kvam rådhus, Norheimsund**

**Tid: Klokka 09.00 - 10.30**

**Representantskapet er Årsmøte**

**Agenda:**

**Kl. 09.00 - 10.30 Årsmøte Hardangerrådet IKS**

**Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6.**

**Sakliste:**

**Konstituering:**

**\*Godkjenning av innkalling og agenda.**

**\*Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.**

**Årsmøtesak 01/24**

**Årsmelding 2023 og Rekneskap 2023**

Vedlegg 1 og 2

**Årsmøtesak 02/24**

**Rammebudsjett 2024 og økonomiplan 2025-2027.**

Vedlegg 3

**Årsmøtesak 03/24**

**Arbeidsplan 2024 - 2025**

Vedlegg 4

**Årsmøtesak 04/24**

**Val av rekneskapsfører og revisor for 2025**

**Årsmøtesak 05/24**

**Godtgjersle til styret for 2024**

**Årsmøtesak 06/24**

**Val av styre**

**Årsmøtesak 07/24**

**Innkomne saker**

**Andre saker til Årsmøtet 2024 må vera styret i hende innan 07.03.2024**

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet (Tlf 53 67 14 50) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med konsulent Trude Rinaldo dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 19.02.2024

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Timo Knoch/s  
Rådsordfører

Trude L. Rinaldo/s  
Konsulent

Kopi av innkallinga til kommunane.



## Årsmøtesaker Hardangerrådet iks 21.03.2024

### Årsmøtesak 01/24

### Årsmelding 2023 og Rekneskap 2023

#### (Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2023 for årsmøte i Representantskapet. Vestlandsrevisjon reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med årsmeldinga. Dette vert lagt fram for årsmøtet.

I denne saka ligg vedlagt framlegg til årsmelding 2023 og rekneskap 2023 frå styret.

Årsmeldinga 2023 oppsummerer både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten gjennom året. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang.

Nyttårsbrevet og Årsmeldinga viser til aktivitetar det har vore fokus på i rapporteringsåret. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema, men så har også regionen utfordringar på mange område. I den kommunale kvardagen viser det seg at regionen treng politisk samordning i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet.

Rekneskapen 2023 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg. Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna restmidlar frå næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god egenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne.

Også for 2023 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførar. Hardangerrådet iks hadde i 2023 omsetning på om lag 5,3 mill. kr. inklusive restmidlar næringsfond og Kraftlinefondet. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet iks viser driftsresultat med underskot på kr 257.486.

Resultatrekneskapen varierar frå år til år og vert regulert via egenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.23 er på kr 2.121.383 medrekna bunden egenkapital på 92.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god egenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2023 viser det same underskotet på kr 257.486, avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.

Hardangerrådet iks har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetningen er under 50.000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

#### **Framlegg til vedtak Årsmøtesak 01/24:**

**Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:**

- a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2023 vert vedteken slik den ligg føre.
- b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2023 vert vedteken slik den ligg føre.

**Årsmøtesak 02/24****Rammebudsjett 2024 og Økonomiplan 2025 - 2027.  
(Årsmøtevedlegg 3)**

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på Årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som fastset det i eit møte før årsskiftet. Økonomiplanen gjeld for perioden 2025-2027.

**Framlegg til vedtak Årsmøtesak 02/24:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Rammebudsjettet for 2024 og økonomiplan 2025-2027 vert godkjent slik dei ligg føre.
- b) Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2024 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2024.

**Årsmøtesak 03/24****Arbeidsplan 2024 - 2025 (Årsmøtevedlegg 4)**

I følgje vedtektene skal årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet. Arbeidsplanen 2024 - 2025 byggjer på den vedtekne strategiplanen.

**Framlegg til vedtak Årsmøtesak 03/24:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2023 - 2024 vert vedteken slik han ligg føre, men gjer merksam på at den kan verta forandra grunna arbeid med ny strategiplan. Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenna endringar i arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

**Årsmøtesak 04/24****Val av rekneskapsfører og revisor for 2025.**

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsfører og revisor kvart år. Tveit Regnskap AS er valt til rekneskapsfører og Vestlandsrevisjon IKS er valt til revisor for 2024 for Hardangerrådet iks. Dette fungerer svært godt og styret tilrår attval for 2025.

**Framlegg til vedtak Årsmøtesak 04/24:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2025.
- b) Tveit Regnskap AS vert valt til rekneskapsfører for Hardangerrådet iks 2024.

**Årsmøtesak 05/24****Godtgjersle til styret for 2024**

Årsmøte 2023 gjorde slikt vedtak i Årsmøtesak 05/23:

Vedtak 05/23:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2023 vert:

Styreleiargodtgjersle kr 12.000,- pr år

Møtegodtgjersle kr 2.000,- pr møte

**Framlegg til vedtak Årsmøtesak 05/24:**

Styret i Hardangerrådet iks har ikkje tilråding til årsmøtet.

**Årsmøtesak 06/24****Val av styre**

I følge Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2-årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Begge kjønn skal vera representert i styret og på varalista. I 2012 vart det bestemt at rådsordførar er valnemnd.

I 2023 hadde Hardangerrådet iks eit ekstraordinært årsmøtet, for å velja nye representantar til styret.

På val i år er styreleiar Solfrid Horne-Moe samt varamedlemmene som skal veljast kvart år.

Likeeins skal årsmøtet velja styreleiar og nestleiar for 1 år.

**Framlegg til vedtak Årsmøtesak 06/24:**

Rådsordførar som valnemnd legg fram tilråding til Årsmøtet.

**Andre saker til årsmøtet 2024 må vera styret i hende innan 18. mars 2024.**







Hardangerrådet



Årsmelding 2023

# Hardangerrådet iks



## Innhald:

### Innleiing - Oppsummering

#### Organisasjon

- Generelt
- Strategiar
- Styret 2023
- Regionrådet/ Representantskapet 2019-2023
- Regionrådet/ Representantskapet 2023-2027
- Hardinginget 2023
- Hardanger og Voss Ungdomsråd 2022/2023
- Rådmannsforum 2023
- Andre representasjonar 2023
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- Fjordvegen Riksveg 13

#### Møte og saker i Hardangerrådet

- Styret
- Representantskapet/Regionrådet
  - Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar
  - Andre saker m.a.
  - Uttalar/høyringssvar
- Hardinginget 2023
- Fellesmøte Hordalandsbenken og Sogn og Fjordanebenken
- Rådmannsforum
- Hardanger kulturråd
- Hardanger og Voss Ungdomsråd
- Team Hardanger - Ei dør inn
- Kompetanseforum Hardanger-Voss
- Forskingsprosjektet Fjernarbeidsplassar
- Internasjonale prosjekt
- Nasjonalt Fukt- og sidersenter
- Rein Hardangerfjord
- HMM Helsehjelp Ukraina
- Samarbeidsrelasjonar
- [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)
- Hardangerkonferansen 2023

#### Økonomi / rekneskap

- Rekneskap 2023 med budsjett.
- Revisormelding 2023

#### Vidare drift

- Arbeidsmiljø og personale.
- Ligestilling.
- Miljø.

## Innleiing – oppsummering aktivitet

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram årsmelding og rekneskap for året 2023. Oppgåvene i Hardangerrådet iks er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er årsmøtevedteken arbeidsplan.

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

## Organisasjonen

### Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om iks av 29.01.1999 nr. 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik som medlemmar i dag.

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnad: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

### Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å byggja ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktpolitisk og arbeida for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter.

### Strategiar:

1. **Regional utvikling** : Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitet, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Innbyggjarar**: Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent arbeidsplan. Denne årsmeldinga er ein samanfatta status for 2023.

### Styret 2023:

Styreleiar: Solfrid Horne-Moe, Langåkeravn. 11, 5770 Tyssedal  
Nestleiar: Jon Olav Heggseth, Øvragardsvegen 172, 5730 Ulvik  
Styremedlem: Gunnar Skeie, Hardangerfjordvegen 350, 5610 Øystese  
1. varamedlem: Astrid Oma Seljestad, Omavegen 125, 5632 Omastrand  
2. varamedlem: Finn Kristoffersen, Eidesmoen 3, 5750 Odda

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter. Dagleg leiar er sekretær for styret.

Rådsordførar: Roald Aga Haug (Ap), Ullensvang  
Rådsvaraordførar: Anders Vatlé (Sp), Eidfjord

### Regionrådet/Representantskapet 2019-2023

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Anders Vatlé (Sp)	Aslak Læg Reid (H)
Kvam herad:	Torgeir Næss (Ap)	Frode Nygård (Frp)
Ullensvang kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Kjellaug Hoås Samland (Ap)
Ulvik herad:	Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)	Jens Olav Holven (Sp)

### Regionrådet/Representantskapet 2023-2027

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Timo Knoch (Ap)	Kari Læg Reid (Sp)
Kvam herad:	Torgeir Næss (Ap)	Frode Nygård (Frp)
Ullensvang kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Inger Synnøve Vestrheim (H)
Ulvik herad:	Jens Olav Holven (Sp)	Stig Yngve Røkenes (H)

### Hardingtinget 2023

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 4 Hardangerkommunane, no totalt 32 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord og Ulvik har 5 representantar kvar, Kvam har 9 og Ullensvang 13 representantar.

### Hardanger og Voss Ungdomsråd(HU) 2022/2023:

Are Dalseide	Eidfjord Ungdomsråd, Leiar
Martinius Næss Solheim	Eidfjord Ungdomsråd, Nestleiar
Ida Djupevåg	Kvam Ungdomsråd, Leiar
Malene Utskot, Nestleiar HU	Kvam Ungdomsråd, Nestleiar
Isa Bayati	Ullensvang Ungdomsråd, Leiar
Emilie Srow	Ullensvang Ungdomsråd, Nestleiar
Sophia Basilio	Ulvik Ungdomsråd, Leiar
Johanne Hjeltnes	Ulvik Ungdomsråd, Nestleiar
Marie Hoel-Hansen	Voss Ungdomsråd, Leiar
Camilla Solberg, Leiar HU	Voss Ungdomsråd, Nestleiar

### Rådmannsforum 2023:

Magnus Steigedal	Rådmann Eidfjord
Thore Hopperstad	Rådmann Ulvik
Anita Hesthamar	Rådmann Kvam
Ole-Jørgen Jondahl	Rådmann Ullensvang, leiar 2023

### Andre representasjonar i 2023:

- Styret i Visit Hardangerfjord: Rådsordførar Roald Aga Haug med rådsvaraordførar Anders Vatile som vararepresentant
- Prosjekt "Hardangerkonferansen 2023": Rådsordførar Roald Aga Haug, ordførar vertsherad Hans Petter Thorbjørnsen og dagleg leiar Jostein Eitrheim
- Referansegruppe Siderklyngeprosjekt: Jostein Eitrheim
- Kompetanseforum Hardanger-Voss: Jostein Eitrheim
- Rein Hardangerfjord: Jostein Eitrheim
- Politisk samarbeidsgruppe for utforming av Vestland sin fyrste klimaplan: Anders Vatile
- Styringsgruppe for regional reiselivsplan for Hardanger: Regionrådet

### Administrasjon og personale:

Jostein Eitrheim, dagleg leiar (100 % stilling)  
Trude Læg Reid Rinaldo, konsulent (100 % stilling )  
Hanne Sundbø, seniorkonsulent Fjordvegen Rute 13 (50 % stilling)

### Pensjon og KS-medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse  
Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.

### Rekneskap og revisjon

Hardanger Økonomiservice AS/Tveit Regnskap AS var i 2023 rekneskapsfører for regionrådet og prosjekt, der lønskøyning også inngår i avtalen.  
Vestlandsrevisjon IKS er valt som revisor for 2023.

### Fjordvegen Riksveg 13

Fjordvegen Riksveg 13 er ei foreining der Marta Sofie Vange er styreleiar. Fjordvegen Riksveg 13 kjøper sekretærtjenester og funksjonen dagleg leiar hos Hardangerrådet iks for kr 210.058,- i 2023. Hanne Sundby er tilsett i 50%-stilling i Hardangerrådet iks med funksjon som seniorkonsulent for Fjordvegen Riksveg 13. Omsetnad i 2023 har vore kr 1.093.831. Resultat 2023 for Fjordvegen Riksveg 13 var eit underskot på kr 36.579 Rekneskap og revisjon går utanfor Hardangerrådet iks.

### Møter og saker i Hardangerrådet iks

**Styret** hadde 7 styremøter i 2023 og handsama 25 saker.

Styret deltok på årsmøtet i Hardangerrådet iks.

Saker i styret m.a.:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- Årsmøtesaker etter vedtektene
- Omstrukturering og rekruttering i Hardangerrådet iks
- Samarbeid med rådet om strategiar og arbeidsplan

**Representantskapet/Regionrådet** hadde 9 rådsmøter i 2023, samt årsmøtet 30.03.2023 og ekstraordinært årsmøte 08.06.2023.

I tillegg eit dialogmøte med fylkesordførar Jon Askeland og fellesmøte med Hordalandsbenken og Sogn- og Fjordanebenken 30.01.2023

Regionrådet handsama 30 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

### Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar:

- NORCE om Fjernarbeidsplassar v/ Kåre Hansen
- HMM Helsehjelp til Ukraina v/ Jon Dahl Wigum

- Vestlandsforskning v/ Agnes Brudvik Engeset
- Fylkesordfører Jon Askeland
- Hardanger Siderproduzentlag v/ Anna Gursli Langesæter
- Hardanger og Voss museum v/ Åsmund Kristiansen
- Såkornfondsatsinga i Hardanger v/ Kjetil Widding og Torstein Skage, Skalaton AS
- Reinare, rikare fjord og vassdrag i Hardanger v/ Mari S. Myksvoll og Svein Roger Selle
- Riksantikvaren Hanna Geiran
- Kulturminnefondet v/ Simen Bjørgen
- Fylkeskonservator VLFK v/ David Sandved
- Løft blikket v/ Kristoffer Relling

**Andre saker m.a.:**

- Signerte avtala mellom Hardangerrådet og HMM Helsehjelp Ukraina
- Hovudprosjekt om Fjernarbeidsplassar med NORCE
- Møte med Stortingsbenkane Hordaland og Sogn og Fjordane
- Rekruttering og omstilling Hardangerrådet iks

**Uttalar/høyringsvar:**

- Høyringsvar frå Hardangerrådet om utmåling av overtredelsesgebyr etter alkoholloven mv. navn 9/5
- Uttale vedrørande NTP 2025-2036
- Uttale vedrørande forslag frå fylkesdirektøren i Vestland om å innstilla ferjesambandet Kinsarvik-Utne
- Uttale vedrørande kutforslag for ferjesambandet Kinsarvik - Utne og Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- Uttale vedrørande Hardanger tingrett
- Uttale frå Hardangerrådet vedr. KVU for E134 arm til Bergen

**Hardingtinget 2023**

Tema for dagen:

- Reiselivsplan for Hardanger: Status etter forprosjektet og vegen vidare
- Forvaltning av Hardangerfjorden: Næringsutvikling vs naturvern
- Hardingtinget møter Statsforvaltaren: Gjensidig orientering og drøfting aktuelle tema

**Fellesmøte Hordalandsbenken og Sogn- og Fjordanebenken**

30. januar 2023 møtte Hardangerrådet Hordalandsbenken og Sogn- og Fjordanebenken til fellesmøte i Bergen. På programmet var drøfting av samferdsel, kraft og inntektssystem.

**Rådmannsforum**

Nettverk for rådmenna i Hardanger. Dei har eigne møter, samt at dei deltek på nokre Hardangerrådsmøter, Hardingtinget og Hardangerkonferansen. Frå dagsorden kan nemnast forskingsprosjektet om Fjernarbeidsplassar, Stønad til Ukraina, Hardanger og Voss museum, felles forvaltning av Hardangerfjorden.

**Hardanger kulturråd**

Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane.

Rådet har hatt 2 møter i 2023, og er ein viktig møteplass for drøfting og deling av erfaring. Dei er også tildelingsnemnd for Regionalt kulturfond Hardanger.



## Hardanger og Voss Ungdomsråd

[Hardanger og Voss Ungdomsråd](#) ( HU ) har dette året hatt 6 rådsmøter samt Opplæringskonferanse og sommaravslutning.

Leiar har vore Camilla Solberg, Voss ungdomsråd, nestleiar Malene Utskot, Kvam ungdomsråd. Rådet utviklar seg heile tida, og set mange viktige tema på dagsorden.

Viktige saker og møter i 2023 har vore:

- Å dela informasjon om aktivitet i eige råd til dei andre
- Planlegging og gjennomføring av Opplæringskonferansen 2023 i Øystese.
- Bulyst - kva om kommunane kom og "pitcha på skulane" om lokale moglegheiter
- Tilbod til unge i kvar kommune, lågterskel tilbod som ungdomsklubb og meir synleg helsetilbod til ungdom, og dei oppfordrar vaksne: **Snakk meir med ungdomane!**

## Team Hardanger. «Ei dør inn»

Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord.

TH har i 2023 vore leia av Mona Haugland Hellesnes, Nærings- og reiselivssjef i Ulvik herad.

TH har hatt 5 møter i 2023, samt ein studietur til Årdal og Nordfjord med fokus på rekruttering og utdanning. Ellers har rekrutteringsprosjekt for heile Hardanger vore eit viktig arbeid, saman med strategi og mandat for TH.

## Kompetanseforum Hardanger-Voss

Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa ["Kompetanseforum Hardanger-Voss"](#) på vegne av Vestland fylkeskommune, og del av kompetanseforum Vestland.

Lokalt har me fokus på: Ny kompetanse, desentralisert utdanningstilbod, dimensjonering av utdanningstilboda, karriererettleiing og vidare- og etterutdanning.

I dette nettverket er det representantar frå skule, næringsliv, TH, kommunar, VLFK, NAV, næringshagar, opplæringskontora og Hardangerrådet. Målet er gode regionale løysingar for å møta lokale kompetansebehov no og i framtida.

## Forskningsprosjekt: Fjernarbeidsplassar

Eit forskningsprosjekt eigd av Hardangerkommunane og NORCE, der ein ser på kva moglegheiter auka bruk av fjernarbeidsplassar kan skapa for vår region.

Hovudhypotesen er *"Fabrikkparadigmet har sperret for en utvikling der man selv kan velge hvor man vil bo, uavhengig av hvor arbeidsgiver er"*. Faktum er at 50% av alle jobbar i Noreg kan utførast kor som helst.

Prosjektet skal blandt anna greia ut om marknad og potensiale for fjernarbeid her og kva arbeidsgjevarar gjer for å tilretteleggja for fjernarbeid. Prosjektet er igang og fortset inn i 2024.

Her finn du litt informasjon [hardanger.com](http://hardanger.com)

## Internasjonale prosjekt

*Lokal kultur-Internasjonal Sider 2020-2023*

3-årig prosjekt med 9 partnarar frå 4 land, der universitet, forskingsinstitusjonar, produsentar, produsentlag, kommunar og regionråd er med. Målet er å utvikla sider/vin til internasjonale kvalitetsprodukt som er knytta til bestemte områder, der produkta også får betydning for attraktivitet, lokal distriktsutvikling og lokalt reiseliv.

*Stride 4 Stride - sammenheng mellom skule og arbeidsliv 2020-2023*

3-årig prosjekt med 13 partnarar og 7 land, der fylkeskommunar, regionråd, vgs- skular med yrkesfag. Mål er flexibelt utdanningssystem som tettar kompetansegap, og som også er tilgjengeleg i distrikta.

### **Nasjonalt Frukt- og sidersenter**

Prosjektet "Nasjonalt frukt- og sidersenter" har gjennomført ein mellomfase i 2023. [Rapporten kan du lesa her](#). Det vert no arbeid med å få igang eit hovudprosjekt, og dei har allerede fått midlar til eit moglegheitsstudie og set igang ved starten av 2024.

### **Rein Hardangerfjord**

Prosjektet "[Rein Hardangerfjord](#)" gjennomførte 2. år av det 5 årige prosjektet. Denne gongen var Norheimsund hovudsete for aksjonen. Der vart det gjennomført eit "plast seminar" med internasjonale stjerner. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom organisasjonen [Framtidshavet](#) Hardangerrådet og Region Sunnhordland.

### **HMM Helsehjelp til Ukraina**

Hardangerrådet vedtok i 2022 å inngå samarbeid med HMM Helsehjelp til Ukraina. I 2023 bidrog Hardanger med pengar til ein mobil tannklinikk, som var eit stor behov. [HMM helsehjelp Ukraina](#) rapporterte direkte til rådet og alle pengane gjekk direkte til formålet.

### **Samarbeidsrelasjonar**

Hardangerrådet vedlikeheld sine relasjonar til samarbeidspartar i Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Innovasjon Norge og KS-Vestland. I tillegg har me kontakt med regionråda i heile Vestland. Dette er for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast.

### **www.hardanger.com**

[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com) er ein felles nettstad for Hardanger. Hardangerrådet si heimeside ligg her.

### **Hardangerkonferansen 2023**

Hardangerkonferansen har vore arrangert kvart år sidan 2006, med unntak av 2020. Dette er ein viktig møteplass for nettverk og utvikling i heile Hardanger. I 2023 vart den arrangert i Ulvik med hovudtema: "Klima, natur og berekraft". Konferansen er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger, Visit Hardangerfjord, Vestland Bondelag, vertsheradet Ulvik, Næringshagen i Ullensvang, Hardanger og Voss Næringshage og Hardangerrådet.

## **Økonomi/rekneskap**

Resultatrekneskapen for drifta av Hardangerrådet iks i 2023 viser driftsresultat med underskot på 257.486 kr. Over-/underskot varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.23 er på 2.121.383 kr medrekna bunden eigenkapital på 92.000 kr. Underskotet på drifta kjem som resultat av ei nesten dobling av KLP krav, som ikkje var venta.

Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er ei nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet.

Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2023 viser det same underskotet på 257.486 kr, avstemt for dei prosjekta som skal først i balanse.

Konklusjonen er at Hardangerrådet iks i sum har ei sunn økonomistyring.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50 000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).



### **Arbeidsmiljø og personale**

Dagleg leiar var i 2023 sjukemeld 50% store deler av året. Tiltak var ikkje iverksett, ikkje naudsynt. Det er ellers ikkje rapportert om arbeidsuhell eller ulukker i selskapet i 2023. Arbeidsmiljøet er godt og samarbeidet mellom tilsette, styret, regionrådet, rådmannsforum og prosjektleiing er konstruktivt for selskapet. Hardangerrådet har bestemt at selskapet skal i framtida ha ein fast stilling.

### **Likestilling**

Selskapet har tilsett 2 kvinner og 1 mann. I selskapet sitt styre er det 1 kvinne og 2 menn. Som Varamedlemmer til styret er 1 mann og 1 kvinne.

### **Miljø**

Hardangerrådet iks si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

### **Vidare drift**

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnader om vidare drift. Til grunn for dette ligg resultatrekneskap for 2023 og selskapet si strategiske prognose for åra framover. Dagleg leiar har gått av med pensjon og styret er igang med å rekruttera ny. Inntil vidare har konsulent Trude Rinaldo utvida ansvarsområde. Selskapet har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Kinsarvik 19.02.2024

Solfrid Horne-Moe  
Styrelleiar

Jon Olav Heggseth  
Nestleiar

Gunnar Skeie  
Styremedlem

Årsoppgjør for  
**HARDANGERRÅDET IKS**

980045412

01.01.2023 - 31.12.2023

Innhold	Side
Resultatregnskap	2
Eiendeler	3
Egenkapital og gjeld	4
Noter	5
Kontospesifisert årsregnskap	7
Anleggsregister	15

## Resultatregnskap

	Note	2023	2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Tilskudd og refusjoner		5 325 279	3 566 271
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>5 325 279</b>	<b>3 566 271</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Prosjektkostnader		-1 164 694	-107 480
Lønnskostnad	1, 2	-2 610 912	-2 250 934
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	-4 014	-8 108
Annen driftskostnad		-1 837 689	-1 603 151
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-5 617 309</b>	<b>-3 969 674</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-292 031</b>	<b>-403 403</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		31 239	5 531
Annen finansinntekt		7 738	6 323
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>38 977</b>	<b>11 854</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		-4 332	-275
Annen finanskostnad		-100	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>-4 432</b>	<b>-275</b>
<b>Netto finans</b>		<b>34 545</b>	<b>11 579</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>-257 486</b>	<b>-391 823</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-257 486</b>	<b>-391 823</b>
<b>Overføringer</b>			
Annen egenkapital		-257 486	-391 823
<b>Sum overføringer</b>		<b>-257 486</b>	<b>-391 823</b>

## Balanse

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	3	10 706	14 720
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>10 706</b>	<b>14 720</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Egenkapitalinnskudd KLP		290 475	265 958
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>290 475</b>	<b>265 958</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>301 181</b>	<b>280 678</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		84 655	84 655
<b>Sum varer</b>		<b>84 655</b>	<b>84 655</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		1 034 865	2 709 358
Andre kortsiktige fordringer		325 500	265 498
<b>Sum fordringer</b>		<b>1 360 365</b>	<b>2 974 857</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		3 694 268	4 046 754
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>3 694 268</b>	<b>4 046 754</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>5 139 287</b>	<b>7 106 265</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>5 440 468</b>	<b>7 386 943</b>

## Balanse

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Annen innskutt egenkapital	4	92 000	92 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>92 000</b>	<b>92 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		2 029 383	2 286 869
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>2 029 383</b>	<b>2 286 869</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>2 121 383</b>	<b>2 378 869</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning og forpliktelser</b>			
Andre avsetninger for forpliktelser		450 000	373 000
<b>Sum avsetning for forpliktelser</b>		<b>450 000</b>	<b>373 000</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Kraftlinjefondet	5	486 463	871 946
Næringsfondet	6	185 271	260 115
Andre fond		48 000	178 007
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>719 734</b>	<b>1 310 068</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		617 342	203 792
Skyldige offentlige avgifter		178 876	187 154
Annen kortsiktig gjeld		1 353 134	2 934 060
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 149 351</b>	<b>3 325 006</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>3 319 086</b>	<b>5 008 075</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>5 440 468</b>	<b>7 386 943</b>

Ullensvang, 19.02.2024

Solfrid Elisabet Horne-Moe  
styrets leder

Jon Olav Heggseth  
nestleder

Gunnar Skeie  
styremedlem

## Noter

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

#### Salgsinntekter

Inntektsføring av tilskudd skjer når kostnadene tilskuddet gjelder påløper. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

#### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie eller bruk. Eiendeler som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende klassifiseres gjeld som kortsiktig hvis gjelden forfaller til betaling innen ett år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

#### Varebeholdninger

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste verdi av anskaffelseskost etter FIFO- prinsippet og virkelig verdi. Det foretas nedskrivning for påregnelig ukurans.

#### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

#### Forøvrig er følgende regnskapsprinsipper anvendt:

Forsikret pensjonsforpliktelse er ikke balanseført - kostnaden er lik premien. Leieavtaler er ikke balanseført. Fordringer og gjeld i utenlandsk valuta er verdsatt til kursen ved regnskapsårets slutt. Kursgevinster og kurstap i utenlandsk valuta føres som finansinntekt og finanskosntad.

Selskapet har ikke endret regnskapsprinsipp fra 2022 til 2023.

### Note 1 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2023	2022
Lønn	1 361 601	1 534 809
Arbeidsgiveravgift	330 844	266 975
Pensjonskostnader	889 190	433 708
Andre relaterte ytelser	29 277	15 442
<b>Sum</b>	<b>2 610 912</b>	<b>2 250 934</b>

### Note 2 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret:

3

### Note 3 - Varige driftsmidler og immaterielle eiendeler

	Varige driftsmidler	Immaterielle eiendeler
Anskaffelseskost 01.01.	146 152	336 538
Tilgang i året	0	0
Avgang i året	0	0
<b>Anskaffelseskost 31.12.</b>	<b>146 152</b>	<b>336 538</b>
Samlede avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger	-135 447	-336 538
<b>Balanseført verdi per 31.12.</b>	<b>10 705</b>	<b>0</b>
Avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger i regnskapsåret	4 014	0
Økonomisk levetid immaterielle eiendeler		5 - 10
Avskrivningsplan immaterielle eiendeler		Lineær

### Note 4 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakernes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerne plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Innskutt kapital	Ansvarandel
Ullensvang Kommune	48 000	44%
Kvam Herad	26 000	34%
Eidfjord Kommune	10 000	11%
Ulvik Herad	8 000	11%
Sum	92 000	100%

### Note 5 - Kraftlinjefondet

Hardangerrådet IKS fekk tildelt kr 18 106 837 til avbøtande tiltak i samband med kraftlinesaka. Det er laga egne retningslinjer for bruken av desse midlane.

Kraftlinefondet har pr 31.12.2023 totalt kr 486 463 som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 200 000 disponert og kr 286 463 er udisponert.

Renteinntekter for 2023 er tillagt fondet.

### Note 6 - Næringsfondet

Hardangerrådet IKS har restmidler fra fylket og utbetaler midlene etter vedtak i Hardangerrådet.

Hardangerrådet IKS har pr 31.12.2023 kr 185 271 i midler som ikke er utbetalt. Av beløpet er kr 58 350 disponert og kr 126 921 udisponert.

Renteinntekter for 2023 er tillagt fondet.

### Refusjon lønnslostnader

Selskapet har en ansatt som jobber for Fjordvegen. Selskapet utbetaler lønn og har den ansatte i pensjonsordningen til Hardangerrådet. Fjordvegen refundere lønn og pensjonskostnader og den estimerte pensjonsforpliktelsen. Estimert forpliktelse er kr 450 000 pr 31.12.23

## RAMMEBUDSJETT 2024 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET IKS 2025-2027

### Prosjekt 1 Administrasjon

Årleg prisauke 3%

Årleg auke  
prosjektinntekter 5%

Tekst	2024	2025	2026	2027
<b>Driftsinntekter</b>				
Kommunale tilskot	2 475 265	2 049 000	2 110 470	2 173 784
Inntekt frå Vestland fylkeskommune	309 000	318 270	327 818	337 653
Prosjektinntekter	163 013	171 164	179 722	188 708
Prosjekt Fjordvegen Riksveg 13	210 058	216 360	222 851	229 536
<b>Sum inntekter</b>	<b>3 157 336</b>	<b>2 754 793</b>	<b>2 840 860</b>	<b>2 929 681</b>
<b>Driftskostnader</b>				
Sum løn	2 447 641	2 002 100	2 062 163	2 124 028
Sum annan driftskostnad	691 841	712 596	733 974	755 993
<b>Sum kostnader</b>	<b>3 139 482</b>	<b>2 714 696</b>	<b>2 796 137</b>	<b>2 880 021</b>
<b>Resultat</b>	<b>17 854</b>	<b>40 097</b>	<b>44 723</b>	<b>49 659</b>





# Arbeidsplan for Hardangerrådet 2024/2025



Hardangerrådet

## Framlegg til årsmøtet 2024

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og rådsordførar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Informasjon
Heimeside på Internett	Ajourhald av heimeside <a href="http://www.hardanger.com">www.hardanger.com</a>	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som er aktuelle for regionen.	Fortløpande	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent.	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda Særleg fokus på samarbeid med Sogn regionråd	Vedtak og økonomiske ordningar som styrker regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering



## Arbeidsplan for Hardangerrådet 2024/2025



Hardangerrådet

Kraftsaker i regionen	Arbeida for at kraftressursane vert utnytta lokalt og ikkje ført ut av regionen. Jfr. oppfølging av Grøn Region Indre Vestland	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	Kontinuerleg	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferansen i saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	Årleg	Dagleg leiar og konsulent	Samarbeid og Koordinering
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og eigne prosjekt	Internasjonalt siderprosjekt, StrideforStride	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt, sider og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ein merkevare som styrkjer næringslivet i regionen.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring
Omdømebygging	Styrkja Hardanger sin posisjon som attraktiv bu- og arbeidsregion	Leggja tilrette for tilstrekkeleg tilgang på rett kompetanse til arbeidslivet.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Utdanningstilbod Næringsutvikling Marknadsføring